


SOPP OVERALT!

① Kva er sopp?

Sopp er eigentleg mange trådar som veks under bakken. Det som veks opp over jorda, er frukta til soppen. Trådane under bakken kallar vi for *mycel*.

Etande eller ikkje etande?

Du må aldri plukke eller ete sopp som du ikkje er heilt sikker på er etande. Spør ein vaksen om hjelp før du plukkar sopp, eller få hjelp av ein soppekspert.



ETANDE SOPPAR

- 1 Raudskrubbe
- 2 Kantarell
- 3 Piggisopp
- 4 Steinsopp



GIFTIGE SOPPAR

- 5 Butt giftslørsopp
- 6 Raud flugesopp
- 7 Spiss fleinsopp
- 8 Kvit flugesopp

② Kan du ete meg?

Rydd bokstavane. Kryss av om soppen er etande eller giftig.

P S G I Ø R F T O P S L _____

E L L T A R A K N _____

S K R A B B R U D U _____

P P F L S O U G E _____

③ Lag spørsmål

Lag tre spørsmål til teksten. Byt spørsmål med ein læringsven. Svar på spørsmåla.

BÆR

① Kva heiter bæra? Set strek frå bilete til rett namn.



MARKJORDBÆR



BRINGEBÆR



TYTTEBÆR



BLÅBÆR



MOLTE



BJØRNEBÆR

② Les teksten.

Kor veks bæra?

På skogbotnen kan du finne saftige blåbær og raude, syrlege tyttebær. Søte bringebær veks ofte i grøftekanten. Der kan du òg finne små markjordbær. I myra på fjellet kan du finne sursøte molter. Dei syrlege bjørnebæra trivst best ved sjøen.



③ Leit i teksten. Fyll inn orda som passar.

Blåbær er _____ og dei veks på _____ .

Tyttebær smakar _____ .

Bringebær og markjordbær veks ofte i _____ .

Molter smakar _____ . Dei veks i _____ .

Bjørnebæra trivst best ved _____ .


KVA REGLAR GJELD I NATUREN?

- ① Her er nokre påstandar om reglar i naturen. Nokre er riktige, medan nokre er feil. Spør nokon vaksne som du kjenner. Set teljestrek på dei svara du får.

	PÅSTAND	RETT	FEIL
1	Det er lov å la boss liggje att i naturen. Det blir borte av seg sjølv.		
2	Det er ikkje lov å gå på tur i dyrka mark.		
3	Du har lov å slå opp teltet ditt kor du vil.		
4	Du har ikkje lov å overnatte på same staden meir enn to dagar på rad.		
5	Det finst ingen reglar når du er på tur ute i naturen.		
6	Det er heilt greit å knekke av friske greiner frå tre dersom du treng ein grillpinne eller litt ved til bålet.		
7	Det er lov å tenne opp bål om sommaren.		
8	in skal alltid vise respekt for dyr og fuglar i naturen.		

- ② Samanlikn svara.

Kva for svar fekk dei andre i klassen? Lag eit skjema eller søylediagram som viser kva dei vaksne svarte. Kva fann de ut?



ORD TIL SJØS

① Sjå på bileta, les setningane og skriv rett ord på den tomme linja.



BLÅSE



VINSJ



KLEPP



SJARK



BLØGGE



STAMP

Båten som fiskarane brukar, kallar vi ein _____

I enden av lina er det ein _____


Fangsten blir trekt opp med ein _____

Fiskaren brukar ein _____ for å hale fangsten ombord.





Fisken blir _____ med ein kniv.

Fisken blir lagt i ein _____ med is.

TIDSSPIRALEN



① Studer tidsspiralen på side 20 i Spire 3 Naturfag.
I kva for ein tidsperiode levde dei ulike artane?





② Kor mange millionar år sidan er det denne arten levde?

Dunkleosteus



③ I kva tidsperiodar var det mange vulkanar?





De treng denne plakaten for å svare på oppgåvene. De kan skrive svara på eit eige ark.

- ① Kva heiter den høgaste dinosaur? _____

- ② Kva heiter den lengste dinosaur? _____

- ③ Kva heiter dinosaur som var tyngst? _____

- ④ Kva heiter den minste dinosaur? _____

- ⑤ Kva heiter dinosaurane som var planteetarar? _____

- ⑥ Kva heiter dinosaurane som var kjøtetarar? _____

- ⑦ Kvar stor høgdeforskjell er det mellom den høgaste og den lågaste dinosaur? _____

- ⑧ Kven er både kjøt- og planteetarar? _____

- ⑨ Kvifor trur du planteeterane hadde så lang hals? _____

KVA HEITER DYREUNGANE?



Barnet til hesten heiter:



Barnet til sauene heiter:



Barnet til kua heiter:



Barnet til høna heiter:




Barnet til grisen heiter:

KOR MANGE HAR KJÆLEDYR?

- ① Spør minst 10 elevar i ein annan klasse på skulen din.
 Still spørsmåla i tabellen under. Set teljestrek under svara du får.

	JAU	NEI		
Ⓐ Har du kjæledyr?	<input type="text"/>	<input type="text"/>		
	1 kjæledyr	2 kjæledyr	3 kjæledyr	4 eller fleire
Ⓑ Kor mange kjæledyr har du?	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
	katt	hund	marsvin	
	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	
Ⓒ Kva for kjæledyr har du?	hamster	kanin	anna	
	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	
	JAU	NEI		
Ⓓ Synest du alle burde ha eit kjæledyr?	<input type="text"/>	<input type="text"/>		

- ② Lag ei oversikt i klassen med alle svara de fekk.
 Kor mange av dei spurde hadde eitt eller fleire kjæledyr?
 Kva for kjæledyr er det vanlegaste å ha?



UTVIKLINGA TIL FRØET

Les teksten på side 58 i Spire 3 Naturfag.

Lag setningar og fortel kva du må gjere for å få planten til å vekse.

1




2




3




4




5





LEDDMANNEN



BALANSETESTEN

Slik gjer du testen:

Stå på eitt bein. Du kan justere armene for å halde balansen, men du får ikkje lov til å flytte fotsolen på foten du står på.

Gjer balansetesten på to måtar.

Fyrst gjer du balansetesten med **opne auge** (tre forsøk).

Gjør deretter testen med **lukka auge** (tre forsøk).

Få ein læringsvenn til å ta tida på deg. Skriv ned den beste tidea av tre forsøk.



TEST BALANSEN MED OPNE AUGE



Så lenge klarte eg å stå på eitt bein:

TEST BALANSEN MED LUKKA AUGE



Så lenge klarte eg å stå på eitt bein:

Hugs at balansen blir betre om du øver litt kvar dag!



IDÉ



1a

Idémyldring

Teikn eller skriv ulike forslag til ein vatningsmaskin.
Bruk fleire teikneark viss de treng det.

IDÉ

VATNINGSMASKIN

1b

**Idémyldring**

Bli enige om kva idé de vel.

Skriv eller teikn korleis delane til vatningsmaskinen skal fungere saman.


Vi vel: _____

Slik verkar vatningsmaskinen:

PLANLEGGJE

VATNINGSMASKIN

2a

**Planlegge**

Lag teikningar som viser korleis vatningsmaskinen ser ut frå alle kantar (føre, bak, over og frå sidan).
Bruk fleire ark viss de treng det.

PLANLEGGJE

VATNINGSMASKIN

2a

**Planlegge**

- Kva for materiale treng de for å lage vatningsmaskinen?
- Kva for utstyr og verktøy treng de?

Lag ei liste til læraren.

LAGE

VATNINGSMASKIN

SpiRE
NATURFAG

3a

**Lage vanningsmaskinen**

Ta bilete av vatningsmaskinen. Lim bileta på arket. Bruk fleire ark viss de treng det.

LAGE

VATNINGSMASKIN

SpiRE
NATURFAG

3b

**Lage vatningsmaskinen**

Skriv kva for problem de hadde når de laga vatningsmaskinen. Var noko vanskeleg? Fortel korleis de løyste problema.

TESTE

VATNINGSMASKIN

SpiRE
NATURFAG

4

**Test ut!**

Skriv korleis vatningsmaskinen virkar.


Måtte de gjere endringar for å gjere den betre?

VISE

VATNINGSMASKIN

SpiRE
NATURFAG

5

**Vise fram**

Ta eit flott bilete av vatningsmaskinen.

Lim biletet på arket.

Fortel andre om vatningsmaskinen og korleis den virkar.